



PRODUSENT OG SELJAR: Ole Haugsbø (t.v.) og Cato Førde er godt nøgde med mottakinga FlexiCamp har fått hos campingfolket.

Fleire vil ha det vedlikehaldsfritt

Førde/Gaular: Det nyinnkjøpte forteltet lak, og mannen truga med at om han ikkje no fekk eit som stod der fast, så vart det slutt på campinglivet.

ANNE BRITT SANDØY tekst og foto

– Vi var maks uheldige, fortel Randi Melheim frå Måløy.

Familien på fire hadde reist frå Måløy til Jølstraholmen, for å ta ned sommarteltet og sette opp eit splitter nytt vintertelt. Det posregna, og ganske snart viste det seg at det nye teltet lak.

– Som ei lita hytte

– Mannen min, som i utgangspunktet ikkje er så begeistra for campinglivet, vart så sur, at han truga med at om vi ikkje no kjøpte eit permanent telt, så ville det verte slutt på all camping. Eg er glad for at vi valde å satse på ei fast løysing. No blir campingvogna meir som ei lita hytte, og det er

■ Bygstadfirma tilset to nye arbeidarar

FLEXICAMP

Tekniske fakta

- Laga av lakkerte stålplater
- Vedlikehaldsfrí og brannsikker
- 40 mm isolasjon i veggene
- 50 mm isolasjon i taket
- Golv og golvisolasjon vel kunden sjølv.
- Glaset er av typen isolerglass, enkle eller doble.
- Glasa har aluminiumsprofilar, slik at dei er vedlikehaldsfrie.
- FlexiCamp kan leverast i ulike storleikar og prisklassar. Prisane ligg på frå om lag 50 000 kroner for 11 kvadratmeter til rundt 90 000 kroner for 25 kvadratmeter.
- Ein bakvegg, gjer det mogeleg å ta med vogna, og late FlexiCamp stå att.

enklare å bruke den heile året, meiner Randi Melheim om tilbygget på



FLEXICAMP: Denne permanente fortelt-løysinga redda campingframtida for Randi Melheim og familien, som har campingvogna ståande på Jølstraholmen. Det er laga av lakkerte stålplater og isolerglass og er nærast vedlikehaldsfritt.

rundt 15 kvadrat.

– Dette er ei av mange historier, som gjer at Bygstadfirmaet Caravan Vest no kan doble arbeidsstokken, for å greie å produsere nok fortelt av typen FlexiCamp. Det er laga av lakkerte stålplater, som gjer det tilmærma vedlikehaldsfritt.

Konstruksjonen er opphavleg svensk, men

Ole Haugsbø har kjøpt alle rettar og alt produksjonsutstyr og vidareutvikla produktet.

Fleire tilsette

2007 var første året dei marknadsførte FlexiCamp skikkeleg, og dei selde 25 einingar. Kjøparane kom frå Bodø i nord til Kristiansand i sør. Frå å vere to mann i tillegg til to deltidstilset-



FLEXICAMP: Denne permanente fortelt-løysinga redda campingframtida for Randi Melheim og familien, som har campingvogna ståande på Jølstraholmen. Det er laga av lakkerte stålplater og isolerglass og er nærast vedlikehaldsfritt.

te, har Cato Førde, som er seljar på Caravan Vest i Førde og Ole Haugsbø, som er teknisk sjef i Bygstad, no tilsett to nye medarbeidarar på heiltid. Dette for å ta unna auka etterspurnad etter det stilleire forteltet.

– Vi har bevisst valt å ikkje ha noko stort forhandlarnett, men forhandlar alt sjølv. På den måten veit vi at vi er i

stand til å levere alle bestillingar til ei kvar tid, seier Cato Førde.

Her i distriktet vert telta leverte ferdig oppsette. Ole Haugsbø fortel at to mann brukar ein dag på dei minste og gjerne to dagar på dei største telta. Det spurst litt på kor godt tilrettelagt området er for dei kjem.

anne.britt.sandoy@firda.no